



Røysterett for Alle med gjesteartistane Ebba Hermann Fosli og Signe Karine Koløy.

Og det regna! Og det bles! Riktig så hustrer var det ute, og berre på den vesle turen frå bilen til kyrkjedøra vart eg våt, sjølv om eg gjekk i regnfrakk. Men inne? Her var det varmt og godt og koristane var kledde i raudt og svart, ei lun og god stemning. Me var altså i den vesle kyrkja i Uskedalen på konsert i går kveld, og det var Røysterett for Alle, bygda sitt eige kor, som gav oss den musikalske opplevinga - saman med to flinke småjenter som spelte julesongar på kornett.

Programmet varierte, både når det gjaldt alder og musikalsk opphav på dei ulike songane, med ei spennvidde frå Uskedalen til Argentina. Koret med sin dyktige og entusiastiske dirigent, Maria Malmsten gav oss opptil fleire gode augneblinkar. Har du høyrte O helga natt sunge på nynorsk før? Det fekk me høyra, då koret song Heilagnatt for oss i går.

Du verden! Dette gjorde dei bra, så bra at dirigent Maria fekk frysninger på ryggen av sitt eige kor. Ho kunne elles fortelja at songen var opprinnelig fransk, skriven av ein vinhandlar, og dersom du har høyrte han omtalt som Adams julesong, er det ikkje han i Edens hage men komponisten Adolph Adam det er tale om.

Ei storarta kveldsstund i Uskedalen altså, nesten så me fekk ein liten joleklump i halsen.

Gjesteskribent/ foto: Jorunn Toskedal
 Nett: Kristian Bringedal